

## Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 16.09.2021

**Harald Ekroll** sette fram slikt forslag:

*«Fylkeseldrerådet har registrert oppslag i media om mangel på betalingsordningar for reisande med Skyss, som ikkje kan nytte digitale tenester. Vi registrerer også at vedkommande, som var omtalt, vart straffa med gebyr på grunn av at ho ikkje hadde gyldig billett ved bilettkontroll. Ho hadde prøvd å få betale med kontantar noko som vart avvist av sjåføren som umogleg.*

*Det er alvorleg at folk blir stilt utanfor deltaking i samfunnet fordi ein ikkje har system som dei kan nytte. Samfunnet skal vere universelt utforma noko betalingsordningane då ikkje er. Ein ting er dei som vert direkte råka, men signalet som slik oppslag i media sender ut til andre, kan påverke dei sterkt i høve til å delta aktivt i samfunnet.*

*Fylkeseldrerådet forventar at Skyss umiddelbart ordner med at alle får betalt med det betalingsmiddelet dei kan nytte ved reiser. Det er viktig også å få eventuelle endringar kommunisert ut i media, slik at alle kan få tak i opplysningane.»*

**Kristina Vakt skjold Hamre (Krf)** sette fram slikt forslag:

*«Når korona-tiltaka blir opphevet, skal det legges til rette for å kunne betale med kort så snart som mulig.»*

### **Avrøysting**

**Harald Kroll** sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Kristina Vakt skjold Hamre (Krf)** sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet har registrert oppslag i media om mangel på betalingsordningar for reisande med Skyss, som ikkje kan nytte digitale tenester. Vi registrerer også at vedkommande, som var omtalt, vart straffa med gebyr på grunn av at ho ikkje hadde gyldig billett ved bilettkontroll. Ho hadde prøvd å få betale med kontantar noko som vart avvist av sjåføren som umogleg.

Det er alvorleg at folk blir stilt utanfor deltaking i samfunnet fordi ein ikkje har system som dei kan nytte. Samfunnet skal vere universelt utforma noko betalingsordningane då ikkje er. Ein ting er dei som vert direkte råka, men signalet som slik oppslag i media sender ut til andre, kan påverke dei sterkt i høve til å delta aktivt i samfunnet.

Fylkeseldrerådet forventar at Skyss umiddelbart ordner med at alle får betalt med det betalingsmiddelet dei kan nytte ved reiser. Når korona-tiltaka vert oppheva, skal det leggest til rette for å kunne betale med kort så snart som mulig.

Det er viktig også å få eventuelle endringar kommunisert ut i media, slik at alle kan få tak i opplysningane.